

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/8045-2

## Revisorbrev 2-2015 - Svar frå administrasjonen

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 02-2015 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i revisorbrev 02-2015 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2015.
3. Oppfølging av revisorbrev 02-2015 er fullført.

### Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 3. september 2015, svar på revisorbrev 02-2015.
- E-post frå SF revisjon IKS, datert 14.09.2015 – svar revisorbrev 02-2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgt opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Innhaldet i forskrifta inneber ei plikt for kontrollutvalet til å sjå til at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgt opp.

Revisor skal sende nummererte revisorbrev, ref. forskrift om revisjon § 4, til kontrollutvalet for å peike på forhold som til dømes manglande oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, feil og manglar ved den økonomiske internkontrollen, feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen etc.

SF revisjon IKS sendte revisorbrev 02-2015, datert 4. mai 2015 til kontrollutvalet med kopi til fylkesrådmannen. Kontrollutvalet handsama brevet 12.mai 2015, og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 02-2015 til etterretning.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i revisorbrevet.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere staus på arbeidet innan 1. september til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet mottok kopi av brev til SF revisjon IKS 3. september, med fylkesrådmannen si oppfølging av revisorbrev 02-2015.

Fylkesrådmannen gjev i brevet ein status på tiltak for å følgje opp tilrådingar i revisorbrev 02-2015.

Revisor skriv i ein uttale (e-post 14.09.2015) at SF revisjon IKS ikkje har merknadar til fylkesrådmannen si tilbakemelding på revisorbrev 02-2015. Revisor vil i samband med interimrevisjonen gjennom året og ved revisjon av årsrekneskapen 2015 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande.

Kontrollsjefen har ingen merknadar utover det revisor skriv, og vil rå til at kontrollutvalet vedtek at oppfølginga av revisorbrev 02-2015 er fullført.

## **3. Konklusjon**

Revisorbrev 02-2015 er etter kontrollsjefen si oppfatning oppfølgt av administrasjonen. Revisor vil følgje opp forholda i samband med revisjon av årsrekneskapen 2015.